

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Dr. Holms hotell, Geilo
Dato: 23.05.2018
Tidspunkt: 08:30 – 10:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Styreleiar	Luster
Sven Flo	Nestleiar	Stryn
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	S og Fj. fylkeskommune
Jarle Aarvoll	Medlem	Sogndal

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster
Marius Dalin	Medlem	Førde
Venke Kollbotn	Medlem	Gloppen

Merknader

Ingen varamedlemmar hadde høve til å møte. Karen Marie Hjelmeseter deltok i møtet via telefon.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar og sekretær
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

_____ Ivar Kvalen _____ Jarle Aarvoll _____

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 13/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/18	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 15/18	Orienterings- og drøftingssakar: <ol style="list-style-type: none">1. Oppsummering av seminar om besøksstrategi på Geilo2. Utfordringar med sperregjerde Briksdalen3. Om Kattanakken og nasjonale turiststier, FM si handsaming av tiltak utanfor vernegrensa, FK løyvd midlar4. Kontrakt for stirapport og ROS-analyse Kattanakken5. Granfelling i Sunndalen, statusoppdatering6. Mediesaker sidan sist7. Ferdig rapport: Bruk og brukarar av Jostedalsbreen nasjonalpark 2017 https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/24945948. Statssekretær i KLD, Atle Hamar, på besøk i Sogndal9. Jostedalsbreen nasjonalparksenter har fått midlar til utvikling10. Styreleiar om status på kjettingsaka11. Drøftingssak: Bruk av råmaterialet frå nasjonalparkfilmen til andre føremål, førespurnad frå Visit Sognefjord		
RS 9/18	Varsel om oppstart av arealdel til kommuneplanen Sogndal 2018 - 2028		2018/1750
RS 10/18	Ledig engasjement innan miljøvern ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		2018/1473
RS 11/18	Skålatårnet, vedovn er låst		2013/3607
RS 12/18	Femårig løyve til motorisert fraktoppdrag med helikopter til Skålatårnet - inkludert vedtak på søknad om ekstra landing med helikopter ved Skålabu 2018 - Bergen og Hordaland turistforening		2018/1178
RS 13/18	Vedtak på søknad om motorferdselsløyve i samband med produksjon av panoramafilm til Norsk Bremuseum i Fjærland - Falkeblikk AS.		2017/3489
RS 14/18	PhD-prosjekt i Fjærland - Sedimentfangar i Bøyabrevatnet		2018/1641

RS 15/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - ds- ekstra landing med helikopter ved Skålabu 2018 - Bergen og Hordaland turistforening	2018/1178
RS 16/18	Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande bygning og oppføring av nytt bygg på same stad på Sunndalssetra - vedtak	2017/2023
RS 17/18	Statusoppdatering for arbeidet på selet på Sunndalssetra - Mons Rune Guddal	2016/1754
ST 16/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - gjerde og platting framfor sel på Sunndalssetra - g/bnr 14/3	2018/1399
ST 17/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til restaurering av drifteveg i Sunndalen i Stryn.	2018/1375
ST 18/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterfrakt og vedlikehald på sel på Erdalssetra - Harald Berge	2018/1569
ST 19/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - fireårig løyve til helikoptertransport - Flatbrehytta	2018/1568
ST 20/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - klagehandsaming av sak om storsetlet på Sunndalssetra - Andersbruket 17/3	2017/2023
ST 21/18	Eventuelt Møtedato neste styremøte: veke 24	

ST 13/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.05.2018

Handsaming i møte

Ingen merknadar til innkalling. Dagsorden på sakane vart noko endra, styret handsama vedtakssakane før orienteringssakane.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 14/18 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.05.2018

Handsaming i møte

Ivar Kvalen føreslo Jarle Aarvoll til å underskrive protokollen i lag med møteleiar.

Vedtak

Jarle Aarvoll vart valt til å skrive under protokollen frå møtet i lag med møteleiar.

Samrøystes vedteke.

ST 15/18 Orienterings- og drøftingssakar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.05.2018

Orienterings- og drøftingssakar:

1. Oppsummering av seminar om besøksstrategi på Geilo
Styret var nøgd med seminaret og erfaringsutvekslinga som hadde vore dagen før, i lag med andre verneområdestyre. Styret trakk fram foredraget til reiselivsjournalist Christine Baglo og Buer gard som særleg interessante. Styret understreka at det var viktig med kontakt med kommunane i arbeidet med besøksstrategien, i tillegg til næringsaktørane rundt nasjonalparken. Foredraget om utviklinga og tiltaka på Trolltunga var også styret oppteke av.
2. Utfordringar med sperregjerde Briksdalen
Grunna årlege utfordringar med at sperregjerdet framfor Briksdalsbreen blir øydelagt av vind eller ras, skisserte SNO eit opplegg med eit meir permanent nedgravd fundament med stenger og kjettinger. Stenger, med signalfarga kjettinger og åtvaringsskilt blir også brukt framfor andre brearmar, og er definert som eit informasjonssperregjerde grunna allemannsretten. Det er kun politiet som kan sperre av område i naturen. Dersom det blir brukt mellombelse løysingar denne sesongen mens tiltaket er under planlegging, kan nasjonalparkstyret be om midlar til dette via bestillingsdialogen for 2019.
3. Om Kattanakken og nasjonale turiststier, FM si handsaming av tiltak utanfor vernegrensa, FK løyvd midlar
Visit Nordfjord søkte Miljødirektoratet om midlar gjennom ordninga Nasjonale turiststier til gangveg og bru på nordsida av Briksdalselva. Fordi Fylkesmannen ikkje har slutthandsama saka jf. plan og bygningslova, fekk dei ikkje tilslag om midlar. I tillegg er nasjonalparkstyret i ei kunnskapsinnhentingsfase før ein vurderer stien til Kattanakken om aktuell eller uaktuell for tilrettelegging. Fylkeskommunen har løyvd midlar til gangveg/bru i Briksdalen.
4. Kontrakt for stirapport og ROS-analyse Kattanakken
Forvaltar utarbeidar kontrakt med Utmarksressurs AS for rapport og kunnskapsgrunnlag om stien opp mot Kattanakken. Midlar frå bestillingsdialogen går til dette, og det er ikkje krav om anbudsprosess grunna det låge totalbudsjettet.
5. Granfelling i Sunndalen, statusoppdatering

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik tek over oppfølginga av denne saka, og ser på løysingar parallelt med prosessen med driftevegsprosjektet i Sunndalen i sommar.

6. Mediesaker sidan sist
Eitt oppslag kom i Dagsavisa om overtredelsesgebyr, der forvaltar uttalte at styra ønskja fleire verkemiddel. I tillegg kom tre oppslag om styret sine løyvde midlar til toalett i Supphelledalen, der både NRK, Sogn Avis, Nationen hadde gode oppslag.
7. Ferdig rapport: Bruk og brukarar av Jostedalsbreen nasjonalpark 2017
<https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2494594>
NINA kjem til eit styremøte for å leggje fram rapporten, som er noko av det viktigaste kunnskapsgrunnlaget styret har i besøksstrategien. Styret foreslo at også kommunane og næringsaktørar kan ha stor nytte av dette foredraget.
8. Statssekretær i KLD, Atle Hamar, kom på besøk i Sogndal
Forvaltar spelte inn behov for fleire ressursar i forvaltninga, og stilte spørsmål om turistskatt var aktuelt for å finansiere fellesgode, som t.d. toalett.
9. Jostedalsbreen nasjonalparksenter har fått midlar til utvikling
Dei arbeider også med å få inn ny styreleiar, samt har fått inn midlar frå Miljødirektoratet og fylkeskommunen. Framover planlegg senteret aktivitetspark for barn.
10. Styreleiar om status på kjettingsaka
Saka er oversendt forliksrådet og kjettingane vert truleg teke ned ila kort tid.
11. Drøftingssak: Bruk av råmaterialet frå nasjonalparkfilmen til andre føremål, førespurnad frå Visit Sognefjord
Styret vurderte at destinasjonsselskapa rundt verneområdet kan nytte seg av filmmaterialet som Veri Media har frå innspelinga av nasjonalparkfilmen. Dette gjeld også bilete. Nasjonalparkstyret kan og vil ikkje krevje vederlag, men vil at delane som blir nytta får nasjonalparknamn og logo på dei aktuelle delane. Det må være likehandsaming mellom dei tre aktørane Visit Sognefjord, Visit Nordfjord og Sunnfjord næringsutvikling. Styret meinte at destinasjonsselskapa ønskja å fremje regionen, og at då slepp dei å søkje om ytterlegare dronebruk inne i verneområdet. Styret var likevel klare på at nasjonalparken skal involverast godt i destinasjonsselskapa sine langsiktige planar om utvikling av reiselivsprodukt i verneområdet, jf. styret sitt arbeid med besøksstrategi.

RS 9/18 Varsel om oppstart av arealdel til kommuneplanen Sogndal 2018 - 2028

RS 10/18 Ledig engasjement innan miljøvern ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

RS 11/18 Skålatårnet, vedovn er låst

RS 12/18 Femårig løyve til motorisert fraktoppdrag med helikopter til Skålatårnet - inkludert vedtak på søknad om ekstra landing med helikopter ved Skålabu 2018 - Bergen og Hordaland turistforening

RS 13/18 Vedtak på søknad om motorferdselsløyve i samband med produksjon av panoramafilm til Norsk Bremuseum i Fjærland - Falkeblikk AS.

RS 14/18 PhD-prosjekt i Fjærland - Sedimentfangar i Bøyabrevatnet

RS 15/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - ds- ekstra landing med helikopter ved Skålabu 2018 - Bergen og Hordaland turistforening

RS 16/18 Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande bygning og oppføring av nytt bygg på same stad på Sunndalssetra - vedtak

RS 17/18 Statusoppdatering for arbeidet på selet på Sunndalssetra - Mons Rune Guddal

ST 16/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - gjerde og platting framfor sel på Sunndalssetra - g/bnr 14/3

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.05.2018

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev, med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.1, første ledd, avslag til Mons Rune Guddal og Hans Guddal, for å byggje platting og gjerde utanfor selet til gards- og bruksnummer 14/3 på Sunndalssetra, som omsøkt.

Avslaget er grunngjeve med at det omsøkte tiltaket ikkje er i tråd med byggeskikken for sel i nasjonalparken, og vil kunne ha ein presedensskapande verknad på andre sel og stølsområde. Den omsøkte plattingen og gjerdet vil kunne ha ein privatiserande effekt, og gje selet meir hyttepreg enn det oppphavlege selet hadde.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil likevel opne for å kunne ha ein steintrapp, om lag i breidde med dørene, framfor selet, for å sikre god inn- og utgong.

ST 17/18 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til restaurering av drifteveg i Sunndalen i Stryn.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.05.2018

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev løyve til:

1. Utbetring av driftevegen i Sunndalen i tråd med Utmarksressurs sin rapport. Det inkluderer tiltak som muring, steinsetting, utbreidding, grøfting med meir.
Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta pkt. 1.3
2. Naudsynt motorferdsel i samband med tiltaket i punkt 1. Motorferdsel inkluderer bruk av minigravar/lita gravemaskin, minilastar og eventuelt helikopter.
Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta pkt. 4.3, 2.strekpunkt.

Vilkår for løyvet:

- Både inngrep og motorferdsel skal skje i samråd med naturoppsyn og/eller nasjonalparksforvaltninga. Mynde til å følgje opp og gje instruksar kan og gjevast til engasjert arbeidsleiar.
- Motorferdsel og inngrep skal haldast på eit minimum.

ST 18/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterfrakt og vedlikehald på sel på Erdalssetra - Harald Berge

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.05.2018

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke.

Vedtak

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir nasjonalparkstyret med dette løyve til Harald Berge for større vedlikehald, samt endring av taket på selet til Gnr/bnr 23/1, på Erdalssetra i Stryn kommune.

Løyvet til ombygging gjeld på følgjande vilkår:

- Taket skal få nytt tekke, anten i form av torv, bølgeblikk, eller plank.
- Kledninga på selet skal bytast ut, men skal framleis være liggjande, slik som på veggane mot seltunet. Ved inngongspartiet kan kledninga være liggjande eller ståande, som i dag. Materialet kan være ubehandla/grånande, eller mørkt brunt, liknande dei andre sela på setra. Kledninga skal *ikkje* være av typen «villmarkspanel».

- Vindauga som skal bytast ut må være småruta, ha same storleik og plassering som dei gamle vindauga. Dei to dørene skal ha same storleik, utsjånad og plassering som dei gamle. Det skal ikkje være vindauge i dørane.
- Dersom muren skal utbetrast, må den framleis være forblenda av den opphavlege gråsteinsmuren.

Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint, ubehandla (**umåla**) trevirke kan brennast i omnen i selet. Material som trengs til tiltaket skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken. Dette byggjeløyvet gjeld til og med år 2019. Rapport og bilete vert sendt nasjonalparkstyret ved avslutta prosjekt. I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til lågtflyging og landing med helikopter på Erdalssetra på følgjande vilkår:

- Inntil ti hiv/landingar med helikopter med det føremål å frakte material, verktyø og utstyr inn til setervollen i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att.
- Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdag og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Flyginga kan gjerne kombinerast med andre transportoppdrag til Erdalssetra som gjeld frakt av material, utstyr, proviant inn til setra, søppel ut frå setra, eller liknande, men skal halde seg til det løyvde talet turar.
- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna varslast pr. sms eller telefon.

Flygeløyvet gjeld like lenge som byggjeløyvet.

ST 19/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - fireårig løyve til helikoptertransport - Flatbrehytta

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.05.2018

Handsaming i møte

Styret vurderte at formuleringa «langhelgane i mai» kunne mistydast, og ønskja å fjerne dette. Statens naturoppsyn spelte inn at omgrepet «fellesferie» også kunne være vanskeleg å kontrollere, så styret omformulerte dette til «veke 28, 29 og 30». Omgrepet «helg» vart definert til laurdag og søndag. Forvaltar understreka i møtet at dersom tiltakshavar treng fleire landingar grunna uføresette forhold, kan han søkje om fleire turar enn rammeløyvet opnar for.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, etter verneforskrifta sitt punkt 4.3, andre strekpunkt, til Flatbrehytta v/ André Øygard for motorisert ferdsle med helikopter for å fly proviant og utstyr til Flatbrehytta. Løyvet gjelder på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjelder for inntil 10 turar pr. år i fire år (frå og med 2018 til og med 2021).
2. Løyvet gjeld ikkje flyging i helg (lurdag og søndag), i veke 28, 29 og 30 eller på andre offentlege fridagar.
3. All motorferdsle skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og skal ikkje uroe dyreliv eller friluftsliv.

4. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (mob.959 63 888) eller nasjonalparkforvaltaren skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
5. Nasjonalparkstyret skal ha ein skriftleg rapport om flyginga kvart år innan 1. desember.

Løyvet gjeld for helikoptertransport jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar må også hugse å innhente løyve frå Sogndal kommune og frå grunneigararar.

ST 20/18 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - klagehandsaming av sak om storselet på Sunndalssetra - Andersbruket 17/3

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.05.2018

Handsaming i møte

Styret vurderte at det ikkje var gyldige årsakar, jf. forvaltningslova § 31 a) til at klagen skulle takast opp til handsaming så seint etter klagefristen, eller, jf. § 31 b), at det var særlege grunner til at klagen skulle bli prøvd, då styret har hatt ein klar haldning og ein raud tråd i handsaminga av hyttesaka på Sunndalssetra, og at dette har vore signalisert til tiltakshavar over fleire år.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avviser brevet frå Anders Folven datert 23.04.2018, med vedlegg frå Prètør Advokat, som klage, jf. forvaltningslova.

Nasjonalparkstyret tek såleis ikkje klaga opp til handsaming. Avvisinga av klaga er grunngeve med at klaga kom inn over 20 veker etter klagefristen, jf. forvaltningslova § 29. Nasjonalparkstyret kan ikkje sjå at § 31 om oversitting av klagefristen gjev grunn til å ta opp saka til handsaming etter fem månader frå styret sitt vedtak.

Dette er eit nytt enkeltvedtak som har tre vekers klagefrist, jf. forvaltningslova.

ST 21/18 Eventuelt

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 23.05.2018

Handsaming i møte

Neste møte blir truleg i veke 24.